

25 000,- kroner til BML

Håvard Hammarstrøm

Ein glad Bjørn Håvard Bjørklund kunne laurdag på vegne av Bømlo Musikal Laug motta 25.000 kroner av Wenche Gunnarsjaa i SpareBank1 Vest.

Dei fleste aktørane som skal vere med i Bømlo Musikal Laug (BML) sin storoppsetnad "Les Misérables" var i full gong med øvingar på Svortland skule laurdag og sundag. I ei av pausene fekk lauset vitjing av Wenche Gunnarsjaa fra SpareBank1 Vest. Ho hadde med seg ei stor gåve til BML. Ein glad Bjørn Håvard Bjørklund kunne laurdag på vegne av Bømlo Musikal Laug motta 25.000 kroner av avdelingsbanksjef Gunnarsjaa.

- Me i SpareBank1 Vest prioriterer barn og unge. Me har alt løyva 300.000 kroner til nytt kulturhus i kommunen, noko som vil vere ei stor gåve til barn og unge, og til dykk også. Her kan BML gjennomføre øvingar i framtida, sa Gunnarsjaa. Ho la til at SpareBank1 Vest også ønskja å gje ei gåve til Bømlo Musikal Laug som teikn på takkemd for den innsatsen lauset gjer for å aktivisere barn og unge.

- På vegne av styret i BML vil eg få seia tusen takk. Dette set me veldig stor pris på. Utan hjelp frå lokalsamfunnet hadde me ikkje kunne gjennomføre dette, sa Bjørklund.

Til BØMLO-nytt seier Gunnarsjaa at banken kvart år set av pengar til ålmennyttige føremål. Ho fortel at lauset søkte om stønad, og at banken såg at "Les Misérables" er ein musikal der også dei unge skal få vera med.

- Dette er ein musikal som heile Bømlo kan gle seg over. Hit vil det koma tilreisande frå Sunnhordland og andre deler av landet også, seier Gunnarsjaa.